

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.11.2018

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Hordaland Fylke har hatt ein kraftig vekst i kollektivtrafikken dei siste åra. Ei ønska utvikling i tråd med mål om nullvekst i biltrafikken. Det er behov for å betre finansieringa av kollektivtrafikken gjennom auka statlige midlar. Fylkestinget og bystyret i Bergen har også vedteke at ein kan nytte inntektene frå bomringen i Bergen til å drifte kollektivtrafikken. I forhandlingane om miljøløftet må dette følgjast opp slik at ein kan hente inne inntekter frå denne pakken til å sikre framleis auke i kollektivtrafikken.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Hammer sitt forslag fekk 11 røyster (SV, A, Sp, KrF, V, MDG og 1 H) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget sluttar seg til forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2019 – 2022 slik det er lagt fram.
2. For å oppnå reell porteføljestyling i Miljøløftet meiner fylkestinget statlege programområde- og trafikktryggleiksmidlar ikkje berre kan nyttast til riksveg/ vegar med riksvegfunksjon.
3. Fylkestinget legg til grunn at det i 2019 vert gjennomført utgreiing av kollektiv-/ sambruksfelt på nordre og vestre innfartsåre
4. Hordaland Fylke har hatt ein kraftig vekst i kollektivtrafikken dei siste åra. Ei ønska utvikling i tråd med mål om nullvekst i biltrafikken. Det er behov for å betre finansieringa av kollektivtrafikken gjennom auka statlige midlar. Fylkestinget og bystyret i Bergen har også vedteke at ein kan nytte inntektene frå bomringen i Bergen til å drifte kollektivtrafikken. I forhandlingane om miljøløftet må dette følgjast opp slik at ein kan hente inne inntekter frå denne pakken til å sikre framleis auke i kollektivtrafikken.